
Saknr: 2020/1254-5
Saksbehandlar: Hanne Marthe Espe

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Europameisterskap i friidrett for ungdom 2021 i Bergen

Forslag til innstilling:

1. Vestland fylkeskommune stiller seg positiv til at Norges friidrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021.
2. Handsaming av søknad om økonomisk stønad til arrangementet vert å kome attende til i handsaminga av budsjettet i fylkestinget i desember 2020.
3. Fylkesutvalet peikar ut ein (1) representant til å delta i hovudkomiteen.

Samandrag

Norges Friidrettsforbund er tildelt europameisterskap for ungdom under 23 år (EM U23) og skal arrangere meisterskapet på Fana stadion i Bergen 8.-11. juni 2021. Dei søkte 28. februar 2018 Hordaland fylkeskommune om 200 000 Euro i støtte til arrangementet. Fylkesutvalet 03. mai 2018 *stilte seg positiv til at Norges friidrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021 og at økonomisk stønad til arrangementet vert å kome attende til i handsaminga av budsjettet i fylkestinget i desember 2020.* Fylkestinget i Hordaland løyvde i desember 2018 kr 100.000 til Norges Friidrettsforbund til arbeid med førebuing til arrangementet. 11. november 2019 mottok fylkeskommunen eit nytt brev frå Norges Friidrettsforbund med søknad om arrangementsstøtte og foresurnad om deltaking i hovudkomité.

Bergen kommune vedtok i bystyret 18. desember 2019 å løyve kr. 2,4 mill. i 2020 og 3,6 mill. i 2021 til EM U-23 i friidrett, jf handlings- og økonomiplan 2020-2024/budsjett 2020. Kommunen har og gjort fleire oppgraderingar av Fana stadion for å kunne vere vertskap for meisterskapet.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Saksframlegg 3. mai 2018
- 2 Saksprotokoll 3. mai 2018
- 3 Brev til fylkeskommunen

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkeskommunen ønskjer at Vestland skal vere attraktiv for store meisterskap, og å vere ein viktig aktør for arrangørar i Vestland. I Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025, Premiss: Kultur, heiter det at «store nasjonale og internasjonale seniormeisterskap skapar stort engasjementet, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet.» Vidare: «Store og små arrangement, anlegg og idrettsaktivitet skapar store ringverknader for næringslivet lokalt og i regionen. Dette gjeld til dømes varehandel, overnattingsstader, kafear og restaurantar. Store nasjonale og internasjonale arrangement set staden og regionen på kartet. Oppslag i media er god reklame for stadane der arrangementa skjer, og der idrettstoppane kjem frå».

I retningslinene for tilskotsordninga for arrangementstilskot heiter det: «Idrettslag og særforbund kan søkje tilskot til store nasjonale og internasjonale junior- og seniormeisterskap som skapar stort engasjement, samhald, motivasjon til idrettsleg satsing og positive ringverknader for næringslivet». I budsjett for 2020 er det sett av kr 450.000 til denne ordninga. Midlane vart fordelt av Hovudutval for kultur, idrett og integrering 13.2.2020 til 7 nasjonale og internasjonale idrettsarrangement. Søknaden frå Norges Friidrettsforbund vart ikkje vurdert i denne samanheng sidan arrangementet vert gjennomført i 2021 og at søknadssummen er så stor.

Det har med jamne mellomrom vore arrangert store friidrettsstemner i Bergen; Bislett Games Bergen i 2003, EM i friidrett for lag i 2009 og 2010. I 2020 skal Fana IL i samarbeid med ein rekke friidrettsklubbar arrangere NM for seniorar. Fana stadion har vore arena for desse stemnene og anlegget fremstår i ny drakt. Med dei endringa som er gjort er Fana stadion eit av Noreg sine beste friidrettsanlegg. Det er einaste anlegg i Noreg med to kuleringer og stavtilløp både i sving og langside. Dette har vore ei viktig oppgradering som friidrettsmiljøet setter stor pris på, og som vil bli til stor glede for utøvarar frå heile Vestland fylke.

Friidrettsmiljøet i Bergen har opparbeida god kompetanse som arrangør av større stemner, og det har vore ein svært positiv utvikling særleg blant yngre utøvarar i Bergen og regionen. Fleire meisterskap og store friidrettsstemner vil difor kunne ha stor verdi både som inspirasjon og kompetansebygging, samt som godt grunnlag for vidare rekrutteringstiltak overfor barn- og ungdom.

U-23 EM i friidrett i 2021 i Bergen vil vere lokalt forankra hjå friidrettsklubbane i Bergen og det nye Vestland fylket. Lokale friidrettsklubbar vil stå for det tekniske arrangementet. Det er forventa deltaking frå nærare 50 nasjonar og 1100 deltakarar. I tillegg kjem omlag 500 funksjonærar og støtteapparat. Dette vil kunne generere nærare 10 000 overnattingsdøgn for deltakarar, deira støtteapparat og offisielle representantar. Norges Friidrettsforbund opplyser og at NRK vil vise arrangementet og ser dette som ei opplading til VM i friidrett i Eugene i USA i august 2021.

U-23 EM i friidrett er eit meisterskap for talentfulle ungdomar. Eit internasjonalt arrangement vil i denne samanheng kunne ha stor verdi både som inspirasjon og kompetansebygging, og ikkje minst som vidare rekruttering overfor barn og unge i det nye Vestland fylket.

Arbeidet med arrangementet er godt i gang. Den lokale organisasjonskomiteen er godt etablert, og ei arbeidsgruppe er breitt sett saman med representantar frå fleire klubbar i Bergensalliansen. U-23 EM er eit samarbeid mellom nesten alle friidrettsklubbane i Bergen. Hordaland friidrettskrets og Sogn og Fjordane friidrettskrets er og involvert i førebuingane til meisterskapet.

I brev av 11. november 2019 ber Norges Friidrettsforbund Vestland fylkeskommune om å oppnemne representant til hovudkomité for planlegging og gjennomføring av U23 friidrett 2021. Hovudkomiteen si oppgåve vil m.a. vere å drøfte og handtere overordna og politiske problemstillingar for arrangementet. Det er lagt opp til 4 fire møter fram til meisterskapet. Følgjande tekst er frå friidrettsforbundet si skildring av hovudkomiteen sitt mandat, oppgåver, organisering og møter:

Hovedkomite for U23 EM i Friidrett i Bergen i 2021

1. Mandat:

Hovedkomiteen skal legge til rette for, og bidra til, en sikker og god gjennomføring av det største internasjonale idrettsarrangementet på Vestlandet i 2021. Mer enn 50 000 dugnadstimer, 800 frivillige involvert konkurransedagene, 50 nasjoner, 20 idrettslag og klubber involvert, 1200 deltagere og det første internasjonale individuelle friidrettsmesterskapet i Norge på 75 år.

2. Hovedkomiteens oppgaver:

- a. Hovedkomiteen skal fungere som et nettverk og kontaktpunkt for U23 EM overfor hele bysamfunnet og regionen*
- c. Hovedkomiteen er U23 EMs viktigste rådgiver i utviklingen av mesterskapet*
- d. Lokal organisasjonskomite skal holde hovedkomiteen løpende orientert om fremdrift i planleggingen av mesterskapet*

3. Hovedkomiteen skal bestå av representanter for følgende offentlige myndigheter og virksomheter:

- a. Bergen kommune*
- b. Vestland*
- c. Andre samarbeidskommuner*
- d. Norges Friidrettsforbund.*
- e. Visit Bergen*
- f. Andre ved behov.*

Leder av hovedkomiteen besluttes på første møte.

4. Møter:

Juni 2020, oktober 2020, februar 2021 og mai 2021. Dato avtales nærmere.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet

Økonomi: Økonomisk stønad til arrangementet vert å kome attende til i handsaminga av budsjettet i fylkestinget i desember 2020.

Folkehelse: Bidra til eit breitt kultur- og idrettstilbod. Kompetanseauke i kommunane og idrettsorganisasjonen (arrangementskompetanse). Aktivitet og gode opplevingar.

Regional planstrategi: Følgje opp satsingar i Regional kulturplan i Hordaland 2015-2025 - PREMISS: KULTUR og Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027 - Kultur for alle.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet stiller seg positiv til at Norges friidrettsforbund skal arrangere U-23 EM i friidrett i Bergen i 2021 og vil kome attende med framlegg til løyving i løpet av 2020.